

Budsjettmerknadar Sv, Ap, Sp; Krf, V, Mdg :

1. Det er eit stort behov for vedlikehald og eit tryggare fylkesvegnett. Det vert sett av ein halv mrd. NOK, til ein ekstra innsats, i tillegg til budsjettlovingane for 2023, 2024 og 2025, på eit bunde fond for ein forsterka innsats for eit tryggare veinett.

90 mill NOK av desse vert fasa inn i budsjett for infrastruktur og veg i 2023.

Midlane skal kunna brukast fleksibelt til både drift og mindre investeringstiltak. Det er viktig at pengane vert sett i arbeid! Fylkestinget føreset at alle midlane i vegpakka skal vera nytta innen utgangen av 2025.

Midlane bør i størst mogeleg grad brukast i tråd med prioriteringane i RTP, og i tett dialog med kommunane, slik at ein også får gjennomført midre tiltak som punktutbetringar, tiltak som ikkje krev omfattande planlegging, trafikktryggleik, hjertesoner, dekkelegging, ras og brusikring. Kontraktsformer som omfattar lengre strekningar og større friheit til entrepenør kan vurderast.

Fylkesdirektøren vert bedt om å leggja fram ei eiga sak til Fylkestinget i mars, evt. juni korleis dette kan organiserast/fordelast.

2. Fylkestinget har høge ambisjonar for kollektiv. Skal vi få ned klimagassutsleppa er det avgjerande at fleire set frå seg bilen og tek buss og bane, og fylket har derfor forplikta seg til å bidra til nullvekstmålet for Bergensområdet. Fylkestinget er derfor tydeleg på at det er uaktuelt med kutt i ruteproduksjonen i 2023

For å kunne auke talet passasjerar ytterlegare set Fylkestinget av økonomiske midlar til å auka ruteproduksjonen, dette må skje fortløpende.

For å lukkast med auka ruteproduksjon og betre tilbod er tilstrekkeleg med bussjåførar avgjerande. Ein set derfor av midlar til ein rekrutteringsstrategi for å sikra tilstrekkeleg tal sjåførar til å levera auka kollektivtenester. Fylkestinget ønskjer at det vert laga eit samarbeidsprosjekt/ spleiseland med operatørselskapa og gjerne også andre t.d. NAV, for å sikra fleire bussjåførar i det korte tidsbiletet.

Med auka ruteproduksjon og tilstrekkeleg med bussjåførar er vi klar til å ytterlegare stimulere til at fleire skal velje buss og bane, gjennom at det vert sett av midlar til å gjennomføre kampanje i august og september med 40% rabatt på 30-dagars-periodebilett. Fylkestinget vil både oppmuntra dei som alt væl positivt, og samstundes stimulera til auka kollektivbruk, gjennom å frysa kollektivtakstane på buss og bane i første halvår.

Når vi ser effektane av omlegging av rutesystemet i Bergensområdet, statlege midlar og passasjervekst, vil me ta ei ny vurdering i juni 2023 om prisutviklinga vidare.

Vi gjer det også billegare for familiarar å reise med barn. I dag gjeld familierabatten der du kan ta med fire barn gratis berre i helg og helligdagar. Fylkestinget utvider no denne rabatten til heile veka.

Fylkestinget vil også redusere prisen på enkeltbillettar for studentar med 40 prosent for å utjevne dagens forskjellsbehandling mellom studentpris og honørbilett.

3.Kartlegging som vart gjort hausten 2022, syner at det er stort behov for utstyr/læremiddel ved dei vidaregåande skulane i Vestland. Fylkestinget styrkar budsjettet med kr 30 mill som ei eingongsløyving til dette formålet . Midlane vert delt ut etter fordelingsnøkkelen for utstyr/læremiddel og alle skulane er sikra ein grunnsum. Fylkestinget oppmodar skular som har oppsparte fondsmidlar til å nytte av desse til naudsynte investeringar i undervisningsutstyr slik at den samla summen vert større. Løyvinga skal også kome produksjonsskulane til gode.

4.Fylkestinget løyver 1,5 millioner til prosjektet på Vaksdal mølle. Fylkestinget vil vurdere ei ytterligere løyying når prosjektet har sikret finansiering fra andre aktører.

5.Løyvinga på 1 mill til oppfølging av Handlingplan for folkehelse, skal ha vekt på oppfølging av tiltak av 1.10; Kartlegge fylkeskommunen sine verkemiddel for aldersvenleg samfunnsplanlegging og tenesteutvikling, og utvikle rammer for planlegging av Vestland som aldersvenleg fylke, 1.11; Utarbeide ein tilstandsrapport over Vestland fylkeskommunen sitt arbeid med universell utforming og 2.28; Samordne kunnskapsgrunnleg for førebygging av sjølvvmord, samt sak som kjem våren 2023 om innsats knytt til styrking av familiar og legge til rette for stabile og trygge oppvekstmiljø, psykisk helse i lys av koronaepedemien og styrke fysisk aktivitet.

6.Fylkestinget set i dette budsjettet av midlar til kirkens bymisjon sitt prosjekt for papirlause. Det er venta sak i første halvdel av 2023 og ein vil derfor komme attende til midlar til andre søkeradar som også gjeld papirlause.

7.Fylkestinget viser til budsjettvedtaket for 2022 kor ein auka tildelinga til KODE med 1 mill. Ein ga også beskjed om at ein ville auke med ytterligare 1 mill om staten kom på banen med ytterligare finansiering. For budsjettet 2022 kom staten med styrka finansiering og fleirtalspartia følger derfor opp sin lovnad om auka finansiering av KODE

8.Fylkestinget bed om ei sak på korleis ein kan bidra med areal til ei sikker russefeiring i Bergen, inkludert finansiering frå andre og uten at Vestland fylkeskommune er ansvarleg medarrangør.

9. Fylkestinget ønskjer å styrke ordninga med skulefrukost og set at ytterligare 5 millionar kronar til dette. Ein vil sikre at kvaliteten på skulefrukosten er god, og legge til rette for at skular som har gode idear til betre kvalitet t.d. meir lokal mat, meir variert utval, meir varm mat har høve til å gjerne dette med styrka midlar.

10.Fylkeskommunen har ei stor utfordring med å rekruttere og holde på kvalifisert arbeidskraft i tannhelsetenesta. Fylkestinget set derfor av 2,5 mill til rekrutteringsmidlar og midlar til å sikre stabil arbeidskraft og kompetanse i tenesta.
Fylkestinget set av midlar til å sikre modernisering av utstyr og auka kapasitet i tannhelsetenesta

